



# Kulturminneplan

## Selje kommune

# Planprogram

---

2017

*Kulturminneplanen skal vere Selje kommune si oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø. Ved å samle kunnskap om kommunen sine kulturminne og kulturmiljø, ynskjer ein at planen skal fungere som eit verkty for å formidle kunnskap om fortida og avklare kva kulturminne ein ynskjer å ta vare på i framtida.*

## **Innhald**

1. Formål
2. Rammer for planarbeidet
3. Organisering av planarbeidet
- 3.1. Framdriftsplan
- 3.2. Økonomi og ressursar
4. Aktuelle plantema
- 4.1. Status for registreringsarbeid i Selje kommune

### **1. Formål**

*Overordna mål – kunnskapsløftet – kommunal kulturminnekompesanse*

*Arbeidet med kommunale kulturminneplanar skal vere eit middel for å setje kulturminne på den lokalpolitiske dagsorden og etablere ein større grad av lokal forankring og medverknad i utvalet av viktige kulturminne som skal takast vare på. Kommunale kulturminneplanar skal styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder i kommunen, skape føreseielege vilkår for forvaltning, eigalar og utbyggjarar, og vere ein reiskap for å synliggjere kulturarven som ressurs.*

Kulturminneplanen skal vere Selje kommune si oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø. Ved å samle kunnskap om kommunen sine kulturminne og kulturmiljø, ynskjer ein at planen skal fungere som eit verkty for å formidle kunnskap om fortida og avklare kva kulturminner ein ynskjer å ta vare på i framtida.

Kulturminneplanen skal omfatte ein plan for forvaltninga dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa i kommunen.

Fyrste ledd i planarbeidet, er å utarbeide eit planprogram som skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen og medverknad i planarbeidet. I tillegg skal planprogrammet innehalde ein framdriftsplan og seie noko om kven som skal utføre planarbeidet.

### **2. Rammer for planarbeidet**

Forankring: Overordna planstrategi 2016-2020, jf. SAK 056/16 for Kommunestyret med vedtaksdato 15.09.2016.

Plan- og bygningslova

Kulturminnelova

### 3. Organisering av planarbeidet

Oppdragsgjever	Kommunestyret, forankra i kommunal planstrategi 2016-2020.
Styringsgruppe	Planutvalet (Endeleg vedtak vert fatta av kommunestyret).
Prosjektansvarleg	Rådmann Ørnulf Lillestøl
Prosjektleiar	Bjørn Jensen
Fagansvarleg	Svein Barmen
Arbeidsgruppe og medverknad	<p><u>Arbeidsgruppe:</u>            Prosjektleiar: Bjørn Jensen            Fagansvarleg: Svein Barmen            Representantar frå sogelag: 2 stk.            Politisk representant</p> <p><u>Ressurspersonar:</u>            Selje kommune har utarbeidd ei liste med personar som har god kjennskap til dei ulike kulturminna og kulturmiljøa i kommunen.            Desse ynskjer kommunen å nytte seg av undervegs i planarbeidet.</p> <p><u>Høyringspartar:</u>            Sogn og Fjordane fylkeskommune            Ulike avdelingar i Selje kommune.            Ungdomsråd, Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (Selje kommune)            Lag og organisasjonar i kommunen.            Innbyggjarane gjennom informasjon via heimeside og sosiale media m.m</p>

Ein ser føre seg at planarbeidet vert delt inn i to fasar, der ein i fyrste fase registrerer kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Synfaring vert føreteke ved behov.

I andre fase vil ein verdisetje og prioritere dei registrerte kulturminna og kulturmiljøa, før ein tek til på utarbeiding av plandokumentet. Gjennomføringa av registrerings- og planarbeidet vil bli gjort i samsvar med Riksantikvarens håndbok for lokal registrering av kulturminner i kommunen, og ført i henhold til riksantikvarens feltskjema.

Ein ser føre seg å utarbeide ei *ti-på-topp-liste* over viktige kulturminne og kulturmiljø, der dei tre øvste vert innarbeidd i handlingsplan og økonomiplan.

#### 3.1. Framdriftsplan

Varsel om oppstart av planarbeid, samt utlegging av planprogram til offentleg ettersyn.	Juni 2017
1.møte i arbeidsgruppa: Oppstartsmøte med informasjon om arbeidet med kulturminneplan og status for arbeidet. Presentasjon av innkomne innspel til planprogrammet. Bearbeiding av planprogram.	August 2017

Vedtak av planprogram 2. møte i arbeidsgruppa: Idemyldring og arbeidsverkstad med arbeidsgruppa. Med bakgrunn i dette startar prosjekteiar og fagansvarleg fyrste fase i planarbeidet.	September 2017 (fyrste kommunestyremøte etter ferien)
3.møte i arbeidsgruppa: presentasjon av kulturminna og kulturmiljøa som skal vere ein del av kulturminneplanen i Selje kommune. Idemyldring og arbeidsverkstad for andre fase av planarbeidet.	Oktober 2017
4.møte med arbeidsgruppa: Presentasjon av første utkast til kulturminneplan	November 2017
5. møte med arbeidsgruppa: Presentasjon av høyringsutkast til kulturminneplan. Utlegg til offentleg ettersyn (Planutval)	Desember 2017
Bearbeiding av innkomne innspel	Januar 2018
6.møte i arbeidsgruppa: Presentasjon av innkomne innspel og arbeidsverkstad og revidert planframlegg.	Februar 2018
Vedtak i kommunestyret.	Mars 2018

### 3.2. Økonomi/ressursar

Selje kommune søkte Sogn og Fjordane fylkeskommune om tilskot til arbeidet med kulturminneplan i 2015 og har midlar til delar av arbeidet på fond. Ein ser føre seg å utføre planarbeidet ved å nytte eksisterande ressursar i kommunen.

### 4. Aktuelle plan tema

Fornminne  
Religiøse kulturminne  
Verneverdige bygg  
Krigsminne  
Kulturminne knytt til jord- og skogbruk  
Formidling av kulturminner og immaterielle kulturminner  
Samle inn lokale stadnamn og få desse kartfesta

#### 4.1. Status for registreringsarbeid i Selje kommune

Mykje av Selje kommune sine kulturminne og kulturmiljø er registrert allereie, men det er behov for ein gjennomgang.

- SEFRAK: dei fleste norske bygningane før 1900 er registrert i Sekretariat For Registrering Av Faste Kulturminner. Desse bygningane har ikkje eit formelt vern, men registeret kan være eit nyttig hjelpemiddel i byggesaksbehandling og kulturminneforvaltning.
- Askeladden: Den nasjonale databasen for kulturminne som inneheld digitaliserte registreringar av alle kjende freda kulturminne i Noreg. Databasen er drifta av Riksantikvaren og fylkeskommunen har ansvar for innhaldet.